

Kjære Halvor,- i 2009 kom du til Bergen og Fredrikstad rykka ned. Når du avsluttar i Bergen, tar Branns damelag the Double, og herrelaget rykker opp(Fredrikstad – så der..). Det var det me visste,- du er ein Vestlending inst der inne, og du som er tydeleg på at bønn er samtale. Du har samtalt godt, og eg tør opna slik fordi du er tydeleg på at Gud har humor.

Du kom til oss, som ein ganske annleis biskop enn Ole Hagesæter. Eg var ordførar i Radøy då, og merka ein biskop som utfordra oss meir enn me var vant til. Men, eg likte det, for eg såg ein biskop som er opptatt av innbyggjarane i kommunane, som snakka om det livssynsopne samfunnet, og sette tydeleg fast kyrkja si rolle i kommune og lokalsamfunn, og som er opptatt av barn og unge.

Du har vore biskopen i den store digitale endringa, der mennesket har gått i meir individuell retning, og media blir farga av dette. Det er utfordrande å svara tabloid på komplekse svar, ikkje minst i dei store trussaken. Du har vore flink i å tvinga debatten til å utvida perspektivet. Der kjem di erfaring som praktikumsrektor med. Du har vore ei tydeleg stemme i samfunnsdebatten, og balansert klokt i tidvis krevande debattar.

Du har også vore biskop då kyrkja som statsberande trussamfunn vart skilt, og du har vore sentral i å forma den nye folkekyrkja, eit arbeid som krev sitt også i fortsetjinga.

Gode Halvor, eg tek farvel i takknemlighet frå kommunar og fylke. Det har vore veldig kjekt å følgja deg desse åra, og personleg hugsar eg aller best då du var på visitas hjå oss i Radøy. Det var gode samtalar med spenst. Då oppdaga eg biskopen med sitt klare mål for kyrkja i folket. Og preika du heldt i Nordhordlandskatedralen då var det vidd over. Så får eg leggja til at ei utfordring tapte du i møtet med dei stridige strilane: rullelerret framme i Mangerskyrkja heng der enno! Eg vil også dra fram at du var ei sterk støtte i å få bygd kyrkja i Knarvik. (Her helsar eg spesielt frå mi gode kollega og tidlegare ordførar Astrid).

Du har også forstått Vestlendingen sitt vesen, for då du var i Nordfjord på avskil i haust, uttrykte du at folke måtte finna ei orsaking for å gå i kyrkja. Vestlendingen treng ikkje ein grunn, men ei orsaking for det meste!

Dei siste tre åra har vegane våre kryssa ofte til stor glede for meg, og eg er veldig takksam for at la ut forbøn for det nye fylket i kyrkjene i januar 2020, der du bad om visdom og signing over alle som bur her. Og eg siterer frå det du la aller mest vekt på i forbøna: Vi ber særskilt om gode oppvekstvilkår for barn og unge, og om at alle som kjenner seg utanfor må finne fellesskap der dei kan høyre til. La oss få leve i fred og byggje et samfunn prega av rettferd.

Det står seg dette, gode Halvor. For meg er dette også innramminga og minnet for ei bispegjerning som me takkar deg for, Halvor

Og eg vil takka deg med dette salmeverset, som eg av ein eller annan grunn koplar til deg:

Takk at din kirke aldri sover!

Mens jorden ruller uten stans,

Ditt folk i vekselsang deg lover,

For nattens ro og glans

Takk for samarbeidet, du har vore ein stor og god biskop i Bjørgvin! Det er litt høgare under taket i kyrkjeskipet etter gjerninga di i Bjørgvin!